

Til  
Kunnskapsdepartementet

## Høyringsvar frå Sentralt ungdomsråd i Oslo om forskrift om opptak til høgare utdanning for opptaksåret 2022-2023

Sentralt ungdomsråd i Oslo (SUR) takkar for muligheita til å kome med svar i høyringssaka om opptak til høgare utdanning for opptaksåret 2022-2023. Saka vart behandla i rådets møte 7.12.2021.

### Om Sentralt ungdomsråd

SUR er eit rådgivande organ for byrådet og bystyret i Oslo. Rådet skal følgje opp dei prioriterte sakane frå Ungdommens bystyremøte, og har som mål å representere og fungere som eit talerør for alle barn og unge i Oslo, fremme unges interesser, samt arbeide for å skape engasjement for politikk og medbestemmelse blant byens barn og unge. Rådet er partipolitisk uavhengig.

### Våre fråsegn

Vi i SUR meiner at poenget med lærarutdanninga er at studentane skal verte gode lærarar av å studere, ikkje at ein er ein fiks ferdig lærar når ein søker seg inn på studiet. Difor støttar vi å senke krava, og meiner at det er bra at departementet tek i bruk alle verktøy for å få inn fleire studentar i lærarutdanninga.

Vi håpar vår fråsegn er nyttig i arbeidet vidare med saka. Ta gjerne kontakt hvis de har oppfølgingsspørsmål!

Venleg helsing

Sentralt ungdomsråd i Oslo